



Tysvær kommune
Postboks 94
5575 Aksdal

Att. Leni Kristensen, leiar drift økonomi

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Bruk av papirfakturaagebyr ved betaling av kommunale tenester

Kommunen ber Fylkesmannen vurdere om kommunen kan krevje papirfakturaagebyr for faste betalingsoppdrag for barnehage, skulefritidsordning, kulturskule samt husleige. I svarbrevet vårt har vi drøfta spørsmålet i høve til dei aktuelle kommunale tenesteområda.

Fylkesmannen viser til brev datert 15.11.2013 frå Tysvær kommune.

I brevet går det fram at kommunen ønskjer å få klargjort om kommunen kan krevje papirfakturaagebyr på faste betalingsoppdrag for å få fleire innbyggjarar til å bruke elektronisk faktura. Kommunen peiker på at dette er aktuelt for betaling for opphaldstid i barnehage, skulefritidsordning, bruk av kulturskulen, samt betaling av husleige.

Fylkesmannens vurderingar:

Spørsmålet om kommunen kan nytte papirfakturaagebyr i samband med betaling for kommunale tenester vil slik vi ser det måtte vurderast tilsvarende spørsmålet om kommunen kan nytte vanleg fakturaagebyr, det vil sei gebyr for andre utgifter kommunen har i samband med faktureringa.

Legalitetsprinsippet inneber at fastsetjing av papirfakturaagebyr for kommunale tenester må ha tilstrekkeleg heimel i lov eller i anna gyldig rettsgrunnlag, til dømes den kommunale autonomien. Kva som er naudsynt heimel vil etter vårt syn kunne variere avhengig av tenesteområde og om det er tale om krevje gebyr for ei teneste kommunen plikter å gi mot betaling eller om det er tale om gebyr i samband med betaling for ein teneste som ikkje er lovpålagd kommunen.

I uttale frå Kommunal- og regionaldepartementet av 22.12.2008 heiter det mellom anna:

«Spørsmålet om en kommune kan innføre fakturaagebyr på tjenester som leveres til innbyggerne, antar vi må løses på grunnlag av den særlov – eller forskrifter gitt i medhold av denne – som regulerer vedkommende tjeneste. Det vil være opp til vedkommende fagdepartement å avgjøre om det i et konkret tilfelle foreligger hjemmel for å innføre fakturaagebyr.»

Vi legg til grunn at spørsmålet om kommunen kan bruke papirfakturaagebyr for lovpålagte kommunale tenester må vurderast i høve til det regelverk som gjeld den aktuelle tenesta.

Dersom det aktuelle lovverket opnar for å ta betaling for den aktuelle tenesta, vil det etter vårt syn ikkje vere eit vilkår for å bruke fakturagebyr eller papirfakturagebyr at loven uttrykkeleg gir høve til dette. Her vil likevel regelverket kunne fastsetje eigne maksimalprisar som har relevans for om det kan nyttast gebyr, jf. nedanfor.

Prinsippet om sjølvkost vil kunne vere ein skranke for kor mykje ein kommune kan krevje i betaling for ei teneste og ein skranke for kor gebyret eventuelt kan bli. Prinsippet går ut på at kommunen berre kan krevje dekning for kostnader som har gått med til å yte den aktuelle tenesta, inkludert kostnader til å krevje inn betaling. Om sjølvkostprinsippet gjeld som tak for betalinga på det aktuelle tenesteområde må vurderast særskilt, jf. nedanfor. I Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester pkt. 5.2, går det klart fram at indirekte kostnader (interntjenester) som understøttar dei direkte brukarrelaterte tenestene, skal vere med i berekninga av sjølvkost. Dette vil til dømes vere utgifter til fakturering.

Då gebyr skal vere betaling for faktisk utført arbeid bør papirfakturagebyret uansett ikkje bli satt høgare enn meirkostnaden kommunen har med å sende ut papirfaktura.

Vi vil nedanfor knytte noen merknader til dei ulike tenesteområda som kommunen viser til i brevet av 15.11.2013.

Barnehage:

Spørsmålet er om det kan nyttast papirfakturagebyr for betaling av barnehageplass.

Lov av 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova) §12a gir barn, som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det blir søkt om barnehageplass, rett på slik plass frå august.

Forskrift om foreldrebetaling er gitt med heimel i barnehageloven § 15 og gir reglar for fastsetting av foreldrebetaling i alle godkjente verksemdar etter barnehagelova § 6 og 11. I § 1 i forskrifta står det at foreldrebetaling for ein plass i barnehage ikkje skal setjast høgare enn ei maksimalgrense. Betaling for kost kan komme i tillegg. Maksimalgrensa blir fastsatt i det årlege budsjettvedtaket til Stortinget. Etter § 4 kan ein gå ut over maksimalgrensa i særlege høve.

Slik vi tolkar forskrifta om foreldrebetaling, vil fastsett maksimalpris vere eit hinder for å nytte papirfakturagebyr dersom gebyret førar til at totalsummen overstig maksimalprisen. Ei slik tolking har støtte i ordlyden i forskrifta ved at det i forskrifta er sagt når det kan gjerast unnatak frå maksimalprisen. Denne forståinga av regelverket er i samsvar med uttale datert 22.4.2009 frå Kunnskapsdepartementet, som er lagde ved dette brevet.

I uttalen frå Kunnskapsdepartementet står det vidare:

«I henhold til barnehageloven § 7 fjerde ledd skal barnehageeier fastsette barnehagens vedtekter. Vedtektene skal gi opplysninger som er av betydning for foreldrenes/de foresattes forhold til barnehagen. Av merknadene til bestemmelsen fremgår det at opplysninger om foreldrebetalingen vil være et forhold av betydning for foreldrenes forhold til barnehagen. Fakturagebyr på foreldrebetaling er et forhold av betydning og må fremgå av barnehagens vedtekter. Det fremgår videre av merknadene til bestemmelsen at det er viktig at kontrakten mellom barnehageeier og barnets foreldre gir en rimelig balanse mellom foresattes rettigheter og plikter.»

Det er såleis eit krav for bruk av papirfakturagebyr at dette går fram av barnehagevedtektene.

Det går ikkje fram av barnehagelova at sjølvkostprinsippet gjeld som øvre tak for foreldrebetalinga. Det vil vere opp til kommunen å vurdere om sjølvkostprinsippet også skal vere retningsgivande for berekninga av foreldrebetalinga for barnehageplass innanfor fastsett maksimalpris.

Vår konklusjon er at bruk av papirfakturaagebyr vil vere avhengig av at gebyret ikkje fører til at totalbeløpet for foreldrebetalinga kjem i konflikt med fastsett maksimalpris samt at den aktuelle barnehagen har eigne vedtekter som opne for bruk av fakturaagebyr ved foreldrebetaling.

Skulefritidsordning:

Spørsmålet er om det kan nyttast papirfakturaagebyr for betaling av plass i skulefritidsordning.

Utgangspunktet er at kommunane pliktar å ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4 årstrinn, og for barn med særskilde behov på 1.-7. trinn, jf. lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 13-7 fyrste ledd. I dette ligg det ikkje ein individuell rett til tilbod om plass i skulefritidsordninga, jf. Ot.prp.nr. 67 (2002-2003) pkt. 6.4.

Kommunen kan krevje utgiftene til skulefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra, jf. opplæringslova § 13-7 femte ledd. På dette tenesteområdet er det ikkje vedteke maksimalpris i lov eller forskrift.

Skulefritidsordninga skal ha vedtekter om mellom anna foreldrebetaling, jf. opplæringslova § § 13-7 tredje ledd bokstav a. Bruk av papirfakturaagebyr vil påverkje storleiken på foreldrebetalinga, og bruken av slik gebyr må derfor gå fram av vedtektene til skulefritidsordninga for å vere lovleg.

Konklusjonen vår på dette punkt er at papirfakturaagebyr ved foreldrebetaling av skulefritidsordninga vil kunne nyttast dersom dette går fram av vedtektene til skulefritidsordninga. Det vil vere opp til kommunen å vurdere om sjølvkostprinsippet også skal vere retningsgivande for berekninga av foreldrebetalinga for plass i skulefritidsordninga.

Kulturskule:

Spørsmålet er om det kan nyttast papirfakturaagebyr for betaling av plass i kulturskolen.

Opplæringslova § 13-6 uttalar at alle kommunar aleine eller i samarbeid med andre kommunar skal ha eit kulturskuletilbod til alle barn og unge. Kulturskuletilbodet skal vere organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles. Føresegna gir ikkje individuelle rettar.

På dette tenesteområdet er det ikkje vedteke maksimalpris i lov eller forskrift. Det er heller ikkje fastsett at sjølvkostprinsippet skal gjelde som tak for betalinga. Det vil også her vere opp til kommunen å vurdere om sjølvkostprinsippet likevel skal vere retningsgivande for berekninga av betalinga for plass i kulturskolen.

Husleige:

Spørsmålet er om det kan nyttast papirfakturaagebyr for betaling av husleige.

På dette punkt legg vi til grunn at det er tale om betaling i ordinære husleigeforhold på lik linje med utleige mellom private. I slike høve vil kommunen som eigar av utleigeobjektet kunne fastsetje eit papirfakturaagebyr i avtalen med leigar basert på den kommunale autonomien.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
avdelingsdirektør

Øyvind Heimlund-Lahn
juridisk rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Øyvind Heimlund-Lahn/Knut Middelthon

Saksbehandlar telefon: 51 56 87 23

E-post: fmroola@fylkesmannen.no